

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lindås.

Emne: Drikk til maten til kvardags. Bygdelag:

Oppskr. av: Martin Toft,

Gard: Toft.

(adresse): Askelandsvåg.

G.nr. 18, Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjølkk.

1. Bruken av nysått mjølkk har alltid her i bygda vore lite.

Folk hadde ikkje råd til å drikka ho før fløyten var teken av ho, men skuma eller fløytt ~~x~~ og sur mjølkk nytta dei før til alle måltid. No er kaffien og teen kome i staden, og bruken av mjølkk har minka meir og meir etter hundreårsskiftet. Under den siste verdskrigen tok bruken av mjølkk seg oppatt, men no er det atter kome i i det gamle gjenge. Grunnen til at bruken av mjølkk har minka så mykje, har også meieridrifta.

2. Før i tida drakk dei ofte mjølkk som leskedrykk utan å ha mat attåt

3. Dei laga ein drikk dei kalla blanda av sur mjølkk, bleng, rjomemysa og vanleg sur mjølkemysa - etter at osten var blengt ut-or. No vert blanda lite nytta, det er klårt vatn eller saftblanda ein no mest nytta til drikka. I lag og lyd og til framande vert det ofte frambytt eit glas mjølkk attpå teen eller kaffien. Er det born eller ungdom til stades, har ein alltid ei mugge med mjølkk ståande på bordet når ein har kaffi og te - då mange ~~av~~ desse helst nyttar mjølkk til drikk attåt maten.

2

Øl.

Siste gongen det vart bryggja øl her i grenda var vel her på garden i 1913. Det var til ~~xxx~~ kvardagsdrykk det var tenkt og og nytta til. Det vart laga 2 slags øl kvar gong ein bryggja, det var øl og spesil, men ein laga tunnare ^ø til våronna enn joleølet. Det var ein mann her i bygda som ein hadde det hermet etter at han laga 4 slags øl, og det var: godt øl, medels øl, skvipskvamp og og skvamperamp.

Ølet nytta dei til tystedrikka og til grautesul når det var lite mjølk om sumaren. Dei rekna det for ein helse-drykk og den som ville vera noko til mann drakk seg aldri drukken. Skjeldan bryggja dei det så sterkt heller at det rusa stort.

Kaffi.

Kaffi.

5. Eg veit ikkje kva tid ^{eg} ved kva høve ein tok til å drikka kaffi her i bygda. Men eg veit at mange i den fyrste tida brukte ymse tilsetningar til kaffien. Dei brende malt og bygg tilkaffierstatning, og dei kjøpte noko dei kalla kaffirotog hadde til tilsetning. Kaffien var oftast tunn og dei blanda mykje mjølk i han. I bygda her
6. var vel kaffi vanleg kvardagsdrykk alt i 1890 åra, men i heimen eg vaks opp brukte me ikkje kaffi til vanleg før omlag århundreskiftet.
7. No drikk dei oftast kaffi 2 gonger ~~for~~ dagen - morgon og non.
8. Sume har ein pose i kanna som dei har ~~kaffi~~ malen kaffi ned på, slær så kokande vatn over og ned på kanna. Dei "trekkjer" kaffi, seier dei då. Andre kokar ^{vatn} ~~kaffien~~ og har ~~de~~ malen kaffi ned på utan vidare og slær på kanna.

Ein har ikkje salt, klåreskinn eller eggeskal i kaffien her, men slike som har gått humorskular har lært dette og prøver dette ender og då.

Ungdomar spår nok i kaffigrut ender og då, men noko faste reglar har dei vist ikkje. For over 30 år sia var eg i Lærdal i Sogn 3 - 4 år. Der spådde dei i kaffigruten ^{faste} og hadde haldepunkt å gå etter. Her dikta dei i hop etter som dei meiner det høver, og det stemmer oftast fullt så godt då.

9. Ein brukar raffinade (kaffisukker) til kaffien. Før i tida nytta dei mykje kandissukker - det skulle vera så godt mot krimsjuke.

10. Før hadde ein for det meste mjølk i kaffien, men no er det mest alltid fløyte som vert nytta. Svart kaffi er det få eller ingen som drikk.

Vipa egg har dei i kaffien når dei vantar fløyte eller til sjuke folk som styrkjedrykk.

Te.

11. Te har ein ofte til kveldsmaten når ein ikkje har ~~køkt~~ graut. Te er komen meir ~~og~~ meir i bruk frå 1920 åra og utetter. Under siste krig nytta nokon her turka eple-skal til å koka te av. Som medesin nyttar dei både hyll, kjerringerokk og einebær til å koka te av.

Brennevin.

12. Dei nytta ikkje brennevin til kvardags korkje i onnetider eller ekstraarbeid. Det kunne vera når ein heldt dugnad, då hadde dei både øl og brennevin.

Nyare drykk.

Nyare drykk som kjøpeøl, vørterøl, selters og brus vert ikkje nytta i hushaldet her enno. Det kan ver når ein er på turar, i festleg lag t. d. bryllupp, gravferd, og elles i ymse mindre gilde i heimen.